

Oppsummering - Knutepunktet

Prosjektet starta ca 2010. Det vart gjort politiske vedtak i Voss kommune frå 2014. Bygget vart teke i bruk i 2022.

Prosjektet har strekt seg over fleire år, vorte gjennomført i to kommunar og det er veldig mange tilsette i desse to kommunane som har vore involvert.

Uklare mål

Det finst ikkje ei samla oversikt over kva som var hovudmålet med prosjektet. Ut frå ulike sakspapir kjem det fram at prosjektet har fleire ulike mål. Det finst ikkje eit dokument eller mandat som prioriterer desse måla. Knutepunktet var i alle fall eit sentrumsutviklingsprosjekt, eit tenesteutviklingsprosjekt og eit arbeidsmiljøprosjekt. Utan mandat vert alt like viktig, og når problemstillingar må løysast er det vanskeleg å prioritera. Reint praktisk fører det til at fordyrande saker som redusert takhøgde, estetiske krav og tryggleikskrav ikkje vert vekta opp mot ein annan, eller økonomi, men berre gjennomført fordi dei er i tråd med eit av måla for prosjektet.

Prosjektorganisasjon

Organisasjonane Voss kommune og Voss herad ikkje har lagt til rette med gode nok rammer for dei som arbeidde i prosjektet. Uklare mål og utydelege ansvarlinjer har skapt frustrasjon for prosjektmedarbeidarane og ein del problem i gjennomføringa av prosjektet. Eit anna stort problem med dette prosjektet er kommunen/heradet si manglande evne til å setja i saman ein velfungerande prosjektorganisasjon med tydeleg definert ansvar-, rolle- og oppgåvefordeling. Kommunen utnemnde aldri ein person til å ha prosjektleiaransvar. Dette burde vore gjort sjølv om prosjektet hadde ein privat part som formelt skulle stå som utbyggjar og eigar av bygget. Det burde ha vore ein eigen prosjektleiar frå kommunen som fekk ansvar for å realisera måla med prosjektet.

Avdelinga prosjekt og utvikling vart etablert sommaren 2020 som ein del av bygginga av Voss herad. Etableringa hadde ingen ting med Knutepunktet å gjera. Det kom som eit resultat av at heradet ynskte betre styring av prosjekta enn det som hadde vore i Voss kommune. Difor vart det etablert ei ny avdeling, og det vart gjort grep for å betre organiseringa og rutinane i prosjekt. Heradet har no ei prosjekthandbok. Avdelinga har seinare vorte utvida slik at det er to tilsette. I tillegg har heradet fleire byggjeleiarar i organisasjonen.

Knutepunktprosjektet var aldri ein del av den nye måten å arbeida på i prosjekt. Dette skuldast at prosjektet var kome veldig langt då avdelinga var oppretta, og at dette var eit såkalla OPS-prosjekt (offentleg privat samarbeid), altså samarbeid mellom huseigar og leigetakar.

Når Rådmannen har gjort ei uformell evaluering og funne ein del forbettringspunkt så er det akkurat med tanke på dette med å i framtida ha tydelegare mandat med klare mål for prosjekta. Vidare handlar det om å organisera prosjekta med ei tydelegare definert ansvar-, rolle- og oppgåvefordeling. Viktigaste læringspunktet er likevel dette med å unngå OPS-prosjekt i framtida. I framtida kjem Voss herad til å ha hand om prosjekta på eiga hand.

Økonomi

Det er lett å summera opp kva Voss herad betalar i husleige i Knutepunktet, men det er umogeleg å visa eit reknestykke på nullpunktet eller alternativkostnaden. Mange av tenestene som har flytta inn i Knutepunktet måtte uansett ha nye lokale, då dei haldt til i svært dårlege lokale. Då er det er feil å samanlikna med husleigeutgiftene som var før innflytting. Alt dette er godt skildra i den politiske saka frå 2019.

I tillegg har rammevilkåra innan mange av tenestene endra seg sidan prosjektstart. Stortinget har vedteke ei barnevernsreform som stiller heilt andre krav til samhandling innan oppveksttenestene enn det me hadde før. Legetenesta har endra seg og talet kommunale fastlegar har auka betydeleg. Det har skjedd ei opptrapping innan kommunale psykologiske tenester. Vidare har Voss teke ei større rolle som regionsenter og vertskommune for fleire tenester til andre kommunar.

Det finst òg døme på lokale val som er gjort undervegs i prosessen. Eit døme er når Voss kommunestyre valde å redusera mønehøgda slik at bygget fekk langt færre kontorplassar. Kommunestyret og seinare heradsstyret forstod då at dette førte til dyrare leiga for dei attverande leigetakar. Eller når heradsstyret valde å påleggja ein dyrare type solceller av estetiske årsaker. Det var òg naturleg at auka krav til tryggleik førte til auka utgifter. Det finst mange andre døme frå prosjektet der det er gjort endringar og desse er forklart for dei folkevalde. Dette handlar ikkje om dårleg styring. Dette handlar om å gjera langsiktig gode val, sjølv om det fører til endringar i prosjektet og at nokre premisser som var lagt tidleg ikkje lenger vert oppretthaldne. Endringar har vore nøye forklart i ulike økonomisaker dei seinare år.

Tryggleikssituasjonen for dei som arbeider innanfor mange av tenestene i Knutepunktet har endra seg og ført til at krava til utforming av lokale har endra seg radikalt. Desse og andre endringar har gjort til at behovet for nye lokale hadde pressa seg fram uansett. Kva dette hadde kosta i eit anna bygg enn Knutepunktet veit me ikkje.

Oppsummering

Ei fullstendig evaluering er krevjande å gjennomføra då dei fleste som har arbeidd i prosjektet ikkje lenger arbeider i heradet. Å finna fram alt som finst av dokumentasjon i mange ulike arkivsystem, og andre fagsystem vil ha ein mykje høgare kostnad enn nytte.

Det viktigaste er uansett at me har tatt så mykje lærdom undervegs at me allereie arbeider svært annleis i nye byggjeprojekt.